



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
57/26	Formannskapet	15.06.2026

Godkjenning av driftsplan for hjort for 2026-2030 . Hovda Utmarkslag

Samandrag:

Hovda Utmarkslag legg fram sin driftsplan for hjort til godkjenning. Dei søker om ein femårig plan gjeldande for 2026-2030.

Hjortejakt i Vanylven komme er frå 1. september til 23. desember

Planen er vedlagt saka

Formannskapet 15.06.2026

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - Ap 2, Frp 1, H 1, INP 1, SP 1, V 1

Stemmer:

Caroline Juul (Ap)

Nils Olav Moen (INP)

Per-Johnny Brekke (H)

Lena Marie Landsverk (V)

Elisabet Lauvstad Haugen (Frp)

Paul Sindre Vedeld (SP)

Njål Sivertstøl (Ap)

Mot: 0 stemmer (0%)

FO - 57/26 Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Vanylven kommune syner til hjorteviltforskrifta § 19 og godkjenner den femårige planen og avskytingsavtalen med Hovda Utmarkslag

2. Dersom viktige bestandsmessige føresetnader for godkjenning ikkje lenger er til stades, kan kommunen trekkje attende godkjenninga. Det same gjeld andre vesentlege brot på planføresetnadane som t.d. avgrensing av skadebeiteing og oppsett fordeling av ulike kategoriar av dyr i uttaket.

3. Kommunen forventar at det som er vedteke i driftsplanen vert fylgt opp. Brot på desse skal meldast attende til Vanylven kommune.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Vanylven kommune syner til hjorteviltforskrifta § 19 og godkjenner den femårige planen og avskytingsavtalen med Hovda Utmarkslag

2. Dersom viktige bestandsmessige føresetnadar for godkjenning ikkje lenger er til stades, kan kommunen trekkje attende godkjenninga. Det same gjeld andre vesentlege brot på planføresetnadane som t.d. avgrensing av skadebeiteing og oppsett fordeling av ulike kategoriar av dyr i uttaket.

3. Kommunen forventar at det som er vedteke i driftsplanen vert fylgt opp. Brot på desse skal meldast attende til Vanylven kommune.

Vedlegg:

Godkjenning av driftsplan for hjort for 2026-2030 . Hovda Utmarkslag

Saksopplysninger:

Hovda Utmarkslag sin driftsplan leggst fram for godkjenning Dei søker om ein femårig plan, gjeldande for åra 2026-2030. Valde grensa mot Søre Vanylven utmarkslag og Syvde utmarkslag, å er delt opp i 16 jaktfelt.

Hjortebestanden i Hovda Utmarkslag sitt område viser stabile tal ved siste teljingar. Målsetjinga er å forvalte ein sunn og stabil hjortebestand. Samtidig begrense beiteskadar på skog og innmark. Samt auke slaktevektene som delmål.

Planen legg opp til ein avskytingsplan på:

- Hanndyr 1 ½ år og eldre: 30 %
- Hodyr l ½ år og eldre: ca. 30 %
- Kalv : ca. 40 %

Vurdering og konklusjon:

Driftsplanen for 2026-2030 legg opp til ein fellingskvote på totalt 1100 frie dyr. Dette gir eit gjennomsnitt på 220 dyr pr. år.

Rådmannen rår til at planen vert godkjent slik den ligg føre i medhald av hjorteviltforskrifta.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Det er utarbeida kommunal plan for hjorteforvaltning for åra 2025-2030, godkjent i kommunestyret 15.12.2025 i sak126/25. Denne skal leggst til grunn for utarbeiding av driftsplanar, å vil soleis bidra til likskap mellom valda sine planar.

Konsekvensar for folkehelsa:

Jakt bidreg til aktivitet i naturen, soleis er tilrettelegging for jakt på vilt positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar:

Grundige og gjennomarbeidde planar knytt til viltforvaltning er positivt for miljøet, bestanden og forvaltning av resursane våre.

Økonomiske konsekvensar:

Viltresursane i driftsplanane har økonomisk verdi i form av hjortekjøtt til eige bruk eller sal, samt sal av jakt.

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

